



# POST 1

**Ein rovfugl vil ete deg!**

Flyg og gøym deg bak noko, og tel til 10 før du flyg vidare til post 2.




# POST 4

**Du krasjar inn i ein glasbygning.**

Flyg to rundar rundt posten mens du held vengane på hovudet.

No er du framme og ferdig med reisa!





## POST 2

**Det du trur er deilig mat viser seg å vere søppel, og du får vondt i magen.**

Legg deg ned, hald vengen på magen og rull til post 3.



## POST 3

**Det du trur er deilig mat viser seg å vere plast, og du får vondt i magen.**

Legg deg ned, hald vengen på magen og rull til post 4.





# POST 3

**Du møter kraftig motvind.**

Flyg baklengs tilbake til post 2.

Flyg så vidare til post 4.



# POST 2

**Lyset frå ei fyrlykt gjer at du blir forvirra.**

Flyg baklengs tilbake til post 1.

Flyg så vidare til post 3.





# POST 4

**Det er bygd eit parkeringshus på  
åkeren du brukte som rasteplass i fjar.**

Du blir forvirra. Flyg to store  
rundar rundt posten.

No er du framme og ferdig med reisa!



# POST 1

**Du møter ein snøstorm.**

Flyg fem rundar rundt posten, og legg  
deg ned på bakken for å kvile. Tel  
til 10 før du flyg vidare til post 2.





# POST 1

**Du møter eit skikkeleg uvêr.**

Flaks fem rundar rundt posten, og legg deg ned på bakken for å kvile. Tel til 10 før du flyg vidare til post 2.




# POST 4

**Det er bygd eit kjøpesenter på stranda du brukte som rasteplass i fjar.**

Du blir forvirra. Flyg to store rundar rundt posten.

No er du framme og ferdig med reisa!





## POST 2

**Det er sett opp masse vindmøller  
som sperrar flyruta.**

Du blir forvirra. Flyg feil veg tilbake  
til post 1. Flyg så vidare til post 3.



## POST 3

**Du møter eit skikkeleg regnvêr.**

Flaks fem rundar rundt posten og  
legg deg ned på bakken for å kvile.  
Tel til 10 før du flyg vidare til post 4.





# POST 3

Du set deg fast i eit fiskegarn.

Du kjem deg laus, men skadar  
beinet. Hink til post 3.



# POST 2

Nokon prøver å jakte på deg.

Flyg og gjøym deg bak noko og  
tel til 10, før du flyg vidare til post 3.





# POST 4

**Det er bygd eit hotell på stranda  
du brukte som rasteplass i fjar.**

Flyg to store rundar rundt posten  
for å finne ein ny rasteplass.

No er du framme og ferdig med reisa!



# POST 1

**Du krasjar inn i ein høgspentleidning  
og skadar vengen.**

Hopp opp og ned fem gongar mens  
du held deg på vengen. Flyg til post 2.

